

## **Styremøte VBK 28.november kl. 18.00**

### **Møtestad: Biblioteket**

Til stades:

Faste medlemmer: Bjørg, Mette NV, Gerd, Magnhild

Linda møtte som varamedlem

Forfall: May og Mette Marie

Sakliste:

### **Sak 9/24 Gjennomgang av referat frå 4.november med avklaring/oppfølging**

Ein del avklaringar i høve økonomi, tilgangar m.m.

Nødvendige tilgangar skal ordnast, alt skal vere oppdatert i Brønnøysundregisteret.

Gerd følgjer opp og tek kontakt med banken.

### **Sak 10/24 Val av 3.medlem til Turgruppa**

Fordeling av medlemmer til dei ulike undergruppene vart gjennomgått på konstituerande styremøte den 4.11. Styret ser det som tenleg å gjere nokre endringar i høve til det som først var foreslått. Medlemmar til turgruppa for komande år vert samansett av Kristi, Vigdis og Signe.

Gerd blir styret sin kontaktperson for gruppa.

### **Sak 11/24 Honorar regnskapsfører**

Det er nødvendig med avklaring i høve utbetaling av honorar til rekneskapsfører.

Vedteke honorar stemmer ikkje overeins med det som har vore utbetalt.

Årleg honorar til rekneskapsfører vert justert til kr 6.000.

Vedtekne honorar som skal utbetalast skal følgje kalenderåret.

Gerd avklarar med rekneskapsfører om div. knytt til desse utbetalingane, og tidfesting av utbetaling.

### **Sak 12/24 Møteplan**

Forslag er sett opp og sendt til styremedlemmane. Styret var samde i at vi held fram med faste dagar slik som foregåande år, bygdekvinnelag tysdagar og styremøte torsdagar. Bjørg justerar.

### **Sak 13/24 Sal av julekalenderar**

Salt av kalenderar er så godt som fullført, og laget kan innkassere ei inntekt på kr 25 pr. kalender.

### **Sak 14/24 Forslag frå medlem, kakebakeliste**

Det har kome eit innspel til styret om dette. Det vart litt diskusjon kom kva det ville vere behov for, og om andre bidrag i form av dugnadsinnsats då også burde registrerast.

Det vert utført ulike bidrag frå medlemmane og ein bør ikkje sette opp bidraga opp mot kvarandre. Styret foreslår at kafegruppa knytter til seg hjelp/kakebakarar ved behov.

### **Sak 15/24 Ansvarsfordeling**

Dette har vore gjennomgått tidlegare.

Bjørg ytra ønskje om andre kunne ta seg av utforming av innkallinga til arrangement o.l. informasjon som skal kunngjerast.

Dette skal meldast inn på Aktivitetskalenderen til Fjord kommune og til «Opplev Fjord».

Bør laste opp Bygdekvinnelaget sin logo og nytte den på ulike skriv.

Sekretær kan ta oppgåva med å formulere skriv etter oppdrag frå leiar.

Bjørg kontaktar Kristi om ho kan bistå med utlegging av info.

**Sak 16/24 Aktivitetsplan vinter/vår/sommer 2025**

Oppsett blir utforma og revidert, Mette NV følger opp.

**Sak 17/24 Søknad**

Det har kome søknad frå Frivilligsentralen om støtte til gjevarglede for utdeling av matkasse før jul. Styret vedtek å overføre kr 2.000 til dette tiltaket.

**Sak 18/24 Eventuelt**

*Linda har delteke på komite for 8.mars arrangement.*

Lite frammøte. Dårlig økonomi i dei laga som deltek.

Det er ønskje om å få til eit arrangement som ikkje krev så høge kostnader.

*Solveig har delteke på beredskapsmøte.*

*Judith har julepynta med lys på sjukeheimen.*

*Bjørg har delteke på møte i ressursgruppe for Frivilligsentralen i Fjord kommune.*

Prosjekt som laget ev. skal engasjere seg i skal takast opp nærare i neste styremøte.

Det må etablerast ei prosjektgruppe. Bjørg tek kontakt med kommunalsjef oppvekst om foreslåtte tiltak, oppgradering av utstyr på skulekjøkkenet v/Valldal skule.

I ettertid vil varamedlemmer få tilsendt innkalling til styremøte, med møter berre på særskild innkalling.

Hyggeveld den 3.des. på Valldal skule. Tillaging av julekransar går ut, det har ikkje lukkast å få tak i instruktør. Styret har ansvaret for arrangementet, oppgåver er fordelt.

Styret møter kl17.30

Sekretær sender ut påminning om arrangementet.

Møtet slutt kl 20.08.

Magnhild  
skrivar